




Lom  
nasjonalpark-  
landsby

# Skiltvedtekter Lom kommune

Vedtektene er ein del av Kommunedelplan for Fossbergom, punkt 2.7.4., og har rettsverknad etter plan- og bygningslova §11-6 og §11-9 punkt 5.

Vedteken av kommunestyret i Lom  
24.11.2020, sak 52/2020.



# Lom

## Innholdsliste

§-1 Søknad .....	2
§-2 Generell del .....	3
§-3 Ljosskilt og ljossetting .....	4
§-4 Uthengsskilt .....	4
§-5 Gatebukk og markise.....	5
§-6 Banner, vimplar og flaggstang .....	5
§-7 Plakatar .....	6
§-8 Vindaugsdekor og skjermar .....	6
§-9 Tilvisingsskilt .....	7
§-10 Miljøomsyn .....	7
§-11 Fjerning.....	7

## §-1 Søknad

### I Lom kommune er dette søknadspliktig:

- Alle reklameinnretningar som er større enn 0,75 m<sup>2</sup>
  - Flaggstenger og permanente banner (sjå s. 5)
    - Tilvisingsskilt (sjå s. 7)

Ved handsaming i kommunen gjeld plan- og bygningsloven kap. 20 om søknadsplikt.

Mange mindre tiltak som utgjer ein større heilheit må sjåast samla. Ein kombinasjon av fleire tiltak som i utgangspunktet er unntatt søknadsplikt vil kunne vurderast som eit søknadspliktig tiltak.

#### Skilting langs offentleg veg:

For all skilting langs offentleg veg skal det av omsyn til trafikktryggleik hentast inn løyve frå aktuell vegmynde, jamfør veglova § 33. For riks- og fylkesvegar er vegmynde Statens Vegvesen. For kommunale vegar er det Lom kommune.

#### Søknad om oppsetting av reklameinnretningar skal innehalde:

- Målsett teikning eller foto med farger
- Plassering på bygningen eller situasjonskart for frittstående innretningar
- Nabovarsel

Løyve til oppsett av reklameinnretningar vert gjeve permanent, inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom i samsvar med § 30-3, 2. ledd i plan- og bygningsloven.

Vedtekta har som føremål å ivareta prinsipp om universelle utforming, trafikktryggleik og ein estetisk god utforming av reklameinnretningar i felles omgjevnad og offentleg rom i samsvar med §§ 1-1 og 30-3 i plan- og bygningslova og NS 3041.

Ved avvik frå skiltvedtektene må det søkjast om dispensasjon.

## §-2 Generell del

**DEFINISJON:**  
Reklameinnretningar er eit samleomgrep for alle innretningar som formidlar eller marknadsfører eit budskap, som skilt, gatebukkar, skjermar og liknande.

Det som står i den generelle delen er dermed gjeldande for alle reklameinnretningar, med mindre det står nemnt konkrete unntak frå regelverket.

Alle reklameinnretningar som er større enn 0,75 m<sup>2</sup> er søknadspliktige. Reklameinnretningar skal ikkje vera over 6,5 m<sup>2</sup>.

Kvar verksemd kan ha inntil to skilt (veggskilt/ uthengsskilt) på bygningsfasaden. Det kan gjerast unntak for verksemdar som disponerer fleire fasadar. Varehus bør så langt som råd ha felles skiltutforming.



Skilt på bygningar skal plasserast på veggflate, og ikkje vera samanhengande over heile bygnings/forretningsfasaden. Reklameinnretningar skal ikkje setjast opp på møne, takflater, gesims, støyskjerm eller tre.

Reklameinnretningar som ikkje er direkte tilknytt verksemd som vert drive på eigeidomen er ikkje tillate. Unntak er idrettsanlegg, større arrangement o. l. Ingen reklameinnretning må plasserast utan godkjenning frå grunneigar.

Det skal helst nyttast frittstående bokstavar og symbol. Utforming, farge og plassering skal stå i stil med bygningen og miljøet elles, og skal ikkje vere skjemma.

Reklameinnretningar må takast bort når det er forelda eller om verksemda blir avvikla/flytta.

## §-3 Ljosskilt og ljosssetting

Reklameinnretningar som skal ljosssetjast skal nytte indirekte ljosssetting.

**DEFINISJON:**  
Reklameinnretning med direkte eller indirekte ljosssetting



Døme på indirekte lossetting

## §-4 Uthengsskilt



**DEFINISJON:**  
Reklameinnretning som er montert ut frå bygningen sin fasade.

Plassering av uthengsskilt frå ulike forretningar på same fasade skal samordnast.

Skiltet skal ikkje vera til fare eller hinder for gåande.

Underkanten av uthengsskiltet må vera minimum 2,7 m over fortau/veg og ikkje stikke lenger ut enn 1 m frå bygningsfasaden.

Døme på uthengsskilt

## §-5 Gatebukk og markise

Bruk av gatebukkar og liknande reklameskilt bør avgrensast. Det vert sett eit maksimalt tal på to gatebukkar pr. verksemd. Det kan i særskilte høve gjerast unntak, som ved bygningsarbeid, ombygging, nyetablering o. l.

Gatebukkar og liknande reklameskilt skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for gåande, svaksynte og andre funksjonshemma, og for vedlikehald av fortau.

Ved bruk av gatebukkar langs offentleg veg skal det hentast inn løyve frå aktuell vegmynde.

Markiser med reklame vert ikkje tillate.

### DEFINISJON:

Gatebukk: Reklameinnretning som enkelt kan flyttast, til dømes gatebukk og vippeskilt.  
Markise: Solskjerm av ulike slag, vanlegvis montert på vegg.



Døme på gatebukk

## §-6 Banner, vimplar og flaggstang


**DEFINISJON:**  
Reklameinnretning opphengt i ei flaggstang eller liknande.

Flaggstenger og permanente banner er søknadspliktige og kan ikkje plasserast innanfor byggjegrænse mot veg utan løyve frå aktuell vegmynde. For midlertidige banner gjeld same regler som for gatebukkar (sjå ovanfor).

Flaggstenger i sentrum bør vere brune og med høgde inntil 6 meter. Det kan tillastast inntil tre flaggstenger for kvar verksemd.

Flagg med reklame / banner / vimplar kan ha ein storleik på inntil 1,8 m<sup>2</sup>. Banner skal ha maks høgde 3,0 m og maks breidde 0,6 m.

Det finst tre bannerfester i Lom sentrum, plassert ved RV15 frå aust, RV15 frå vest og RV55 frå vest. Desse kan nyttast før og under arrangement. Ta kontakt med Lom kommune for utleige og retningslinjer.



Døme på midlertidig banner



Døme på flagg

## §-7 Plakatar



Døme på plakatar

Plakatar må ikkje nyttast slik at dei dominerer og øydelegg heilskapsinntrykket av bygningen.

Det er ikkje høve til å klistre plakatar for arrangement og kampanjar på stolper, gjerde, tre og husvegger. Desse skal setjast opp på særskilte tavler.

**DEFINISJON:**  
Innretning som annonserer varer, tenester, arrangement og liknande, ofte i ei tidsavgrensa periode.

## §-8 Vindaugsdekor og skjermar

Opningstid, bilde, enkle utstillingar og namnet på verksemda er tillat som vindaugsdekor. Berre skjermar som er vendt utover slik at dei er ein del av fasaden er søknadspliktige (over 0,75 m<sup>2</sup>).

### DEFINISJON:


Vindaugsdekor: Skilt og reklame i form av tekst, måling, folie eller tilsvarande som er påført vindaug eller dører.

Skjermar: Samleomgrep for TV- og dataskjermar.



Døme på vindaugsdekor

## §-9 Tilvisingsskilt



Døme på tilvisingsskilt

## §-10 Miljøomsyn

Det må ikkje setjast opp frittstående reklameinnretning i ope naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde.

Innafor særprega og historisk interessante miljø må det ikkje setjast opp reklameinnretningar som ikkje er tilpassa miljøet.

I bustadområde skal det ikkje setjast opp reklameinnretningar. Mindre skilt på verksemder kan setjast opp dersom dette ikkje er til sjenanse for bustadene i område.

Turskilt o.l. som blir sett opp ved turveggar, skiløyper og stigar skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer.

## §-11 Fjerning

Reklameinnretningar som blir oppført utan godkjent løyve eller i strid med desse vedtektene blir handtert i tråd med plan- og bygningsloven kapittel 32.

Dersom reklameinnretninga er i strid med Veglova §33 kan vegmynde straks syte for at det blir tekne bort, flytta eller endra.

Reklameinnretning som kan medføre fare kan i alle høve krevjast fjerna ved pålegg.

Eigaren skal ha eit førehandsvarsel om at han har ei ulovleg reklameinnretning. I varselet vert det opplyst om at ein må søkje om løyve, rette eller fjerne tiltaket.

Vert ikkje løyve gjeven eller det ikkje vert søkt om løyve skal innretninga verte fjerna eller endra innan ein vedteken frist. Dersom dette ikkje blir gjort kan det bli fjerna av kommunen på eigars rekning.

Dersom skilt- og reklameinnretningar blir sett opp utan grunneigars samtykke kan grunneigar krevje dette fjerna.


Fast organ for klagesaker i kommunen handsamar klager.



Lom  
nasjonalpark-  
landsby

# Har du spørsmål?

Ikkje nøl med å ta kontakt med Lom kommune!



# Lom

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Epost: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)  
[lom.kommune.no](http://lom.kommune.no)